



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Utsett eksamen i EXPHIL03 hausten 2011 – sjølstudiumsvarianten

Mondag 9. januar - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.
Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.
Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

Del I: Filosofi- og vitskapshistorie

Anten:

Aristoteles og det høgste gode

Korleis argumenterer Aristoteles for at det finst eit høgste gode for menneska, og korleis kritiserer han dei som meiner at det går ut på lyst og nyting, eller ære. Korleis bestemmer Aristoteles sjølv lukka?

Eller:

Descartes og Aristoteles

Samanlikn det synet på erkjenninga som du finn hos Descartes med det som Aristoteles seier om erkjenninga i *Metafysikken*.

Del II: Etikk

Anten:

Relativisme og toleranse

Fred Feldman drøftar tre variantar av relativisme. Gjer greie for disse variantene. Gjer deretter greie for Feldmans syn på tilhøvet mellom relativisme og toleranse.

Eller:

Miljøet

I samband med dømet om utbygging av villmark gjennomgår Singer fleire etiske tilnærmingar til problemet. Gjer greie for kva som kjenneteiknar det han kallar «menneskesentrert etikk», «ærefrykt for livet» og «djupøkologi», og for Singers kritikk av desse tre tilnærmingane.